



Stavanger  
kommune

## FINNØY SKULE

- eit veksthus for fagleg og sosial læring



## PLAN FOR TRYGT OG GODT SKULEMILJØ REVIDERT 2025

**RESPEKT - LÆRINGSGLEDE - MANGFALD - TRYGGLEIK**

## **INNLEIING**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. På Finnøy skule har me nulltoleranse mot krenkande oppførsel som mobbing, vald, diskreminering og trakassering. Skulen jobbar kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

Denne planen inneholder ein oversikt over arbeidet me gjer på skulen som skal bidra til å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Her finn du skulen sine tiltak for førebygging, samt korleis skulen handterer situasjonen når det blir avdekkat at ein elev blir krenka og ikkje har det trygt og godt på skulen.

Skuleåret 04/05 var skulen med på ZERO, som er eit program i regi av Læringsmiljøsenteret i Stavanger. Programmet ynskjer å medverka til eit mobbefritt og trygt miljø i skulen. Arbeidet med Zero resulterte i ein handlingsplan mot mobbing, ofte kalla Zeroplanen. Denne planen er ei revidert utgåve av den opprinnelige planen frå 2005.

Alle som arbeider ved Finnøy skule er forplikta på å følgja denne planen, og arbeidet med å skapa eit mobbefritt og godt læringsmiljø har høg prioritet.

August 2025

Bente Tjelta  
Rektor Finnøy skule



# INNHOLD

- Lovgrunnlaget
- Definisjonar
- Tiltak for å førebyggja eit trygt og godt skulemiljø
  - Overgang barnehage – skule
  - Overgang barneskule-ungdomsskule
  - Overgang ungdomsskule-vidaregåande skule
  - God skulestart
  - Sikring av arenaer som skulegard, toalett, gymnastikkfløy, SFO og skuleveg.
  - Prosedyre ved vaktordninga
  - Relasjonsbygging
    - Relasjon tilsett – klasse/gruppe
    - Relasjon tilsett – elev
    - Relasjon elev – elev
    - Relasjon tilsett – føresette
- Rutinar knytt til delpliktane i §12-4 i opplæringslova
  - Følgje med
  - Gripe inn
  - Varsle
  - Undersøkje
- Avdekking av mobbing og annan krenkande oppførsel
  - Årlege undersøkingar
  - Kommunikasjon tilsett – elev – føresett
  - Observasjon, plikt til å følgje med
  - Tema i ressурsteam og i personalgruppa
- Problemløysing ved mobbing

# **LOVGRUNNLAGET**

Kapittel 12 i opplæringslova skal sikre at elevane har det trygt og godt på skulen , slik at dei er ein del av fellesskapet, trivst og kan lære best mogleg

## **§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

## **§ 12-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid**

Skulen skal ikkje godta krenkande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

## **§ 12-4 Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)**

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skulen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skulen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skulen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

1. kva problem tiltaka skal løyse
2. kva tiltak skolen har planlagt
3. når tiltaka skal gjennomførast
4. kven som skal gjennomføre tiltaka
5. når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

## **§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeidar på skulen, krenkjer ein elev**

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus. Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skulen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

## **§ 12-6. Fylkesmannen si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialet skulemiljø i enkeltsaker**

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor.

# DEFINISJONAR

## Krenking

Med krenking meinar ein negative handlingar mot andre personar som blir opplevd som nedlatande, sårande, fornærmande eller som uthenging.

Kjenneteikn for krenking er ord og/eller handlingar som vekker negative kjensler i mottakaren.

Maktmisbruk er og å krenke ein annan, til dømes ironi, sarkasme, latterleggjering, baksnakking, manipulering, vald og rasisme-

Krenking kan vere bevisste eller ubevisste handlingar

## «Trygt og godt» skulemiljø

Med "trygt og godt" meiner vi at elevane opplever å ikkje bli krenka på skulen. Det er eit mål at alle skal kjenne seg trygge og at alle er greie og tar omsyn til kvarandre sjølv om ein ikkje er bestevenner

## Sårbare elevar

Sårbarheit handlar om å vere utsett, om å stå i fare i motsetnad til å vere beskytta. Anthony og Coler (1987) definerer sårbarheit som det motsette av resiliens. Dersom vi bruker denne definisjonen kan vi seie at sårbare barn er dei som viser eit mønster av negativ tilpassing når omgjevnadane blir opplevd belastande. Sårbarheita kan ha mange uttrykk, både utagerande åtferd eller at nokre elevar lukker seg.

Dei sårbare barna må sjåast i forhold til risikofaktorar som, mellom anna kan bestå av:

- Dårleg eller mangelfull foreldrerepraksis
- Psykisk sjuke foreldre
- Låg sosioøkonomisk status
- Utfordring i å etablere og bli i stabile vennskapsrelasjonar
- Dei som er utsett for krenking og mobbing
- Fleirspråklege barn
- Mangel på sosial støtte eller nettverk

Desse faktorane kan bli forsterka dersom skulen ikkje legg til rette for eit godt og trygt læringsmiljø. Dersom skulen er ein arena for meistring ,der barna er trygge og trivst, kan skulen hjelpe med å redusere sårbarheita.

## Mobbing

Erling Roland, læringsmiljøsenteret definerer mobbing slik: "1. En aggressiv handling rettet mot et offer, av en eller flere sammen 2. Et ujevnt styrkeforhold mellom den eller de som mobber og den som blir mobbet 3. At det foregår over tid»

# TILTAK FOR TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

## Overgang mellom barnehage-skule

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen, legge til rette for at barnet kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole, og eventuelt til skolefritidsordningen (SFO). De eldste barna skal få mulighet til å glede seg til å begynne på skolen og oppleve at det er en sammenheng mellom barnehagen og skolen. ». Rammeplan for barnehagen, Utdanningsdirektoratet, s. 33

NÅR	KVA	ANSVARLEG
Sept-juli	Bruk av overgangsekken i barnehagen	Barnehagane
Sept	Foreldremøte med info om overgang til skule	Barnehagane
Nov	Innskriving på skulen	Rektor
Jan-febr	Vedtak om skuleplass	Rektor
Mars	Førskulegrupper på skulen	Avd. leiar/lærarar
April	Besøksdag i SFO	SFO-leiar
Mai	fellestur for barnehagane m/faddrar frå skulen	Barnehagane inviterer
Juni	Førskuledagar	Barnehagane + skule siste dag
Mai-juni	Lærarane til komande 1. trinn besøker barnehagane	Avd. leiar/lærarar
Mai-juni	Foreldremøte for komande 1. trinn	Rektor
Mai	Overføringssamtalar	Barnehagane + avd leiar
Juni	Avslutningsfest	Barnehagane
Aug-Nov	Bruk av overgangsekken i skule og SFO	SFO-leiar/lærarane

I mai kvart år skal leiinga, saman med barnehagane, ha eit samarbeidsmøte der ein evaluerer overgangen og lagar ei oversikt der tiltaka blir datofesta

## Overgang mellom barneskule-ungdomsskule

Skulane i Finnøy kommunedel har etablert rutinar som gjer overgangen barneskule-ungdomskule trygg for gruppa og kvar einskild

NÅR	KVA	ANSVARLEG
Sept-okt	7. trinn ved Finnøy skule inviterar 7. trinns elevane frå dei andre øyane. "bli kjent" og ute aktivitetar	Lærarane på Finnøy
Nov-des	Møte med kontaktlærarane frå dei ulike skulane for å førebu KOM	Leiargruppa i kommunedelen
Jan-febr	Vedtak om skuleplass for elevar frå dei andre øyane	Rektor på Finnøy
Jan	I samband med KOM-prosjektet kjem alle 7. klasse elevane saman til felles samling, ein ev to dagar.	Ansvarleg for KOM
Mars	KOM-prosjekt på Finnøy ei veke + bli kjent med skulen	Ansvarleg for KOM
Mar-april	Overføringsmøte, inkl erfaring og tips.	Rektor/avd. leiar Finnøy
Mai	Elevane får informasjon om val av framandspråk mm og valfag	Rådgjevar/avd.leiar
Mai-juni	Foreldremøte for komande 8. trinn	Rektor på Finnøy
Juni	Fogn/Ombo/Sjernarøy inviterar Finnøyelevane til treff på to av øyane, klassevis	Oppvekstsentrar
Mai-juni	Lærarane til komande 1. trinn besøker barnehagane	Avd. leiar/lærarar Finnøy
Juni	Elevane skriv ein liten CV (portfolio) som blir sendt til lærarane for 8. trinn	Kontaktlærarane

I august-september kvart år skal leiinga i kommunedelen laga ei oversikt der tiltaka blir datofesta.

## Overgang ungdomsskule-vidaregåande skule

NÅR	KVA	ANSVARLEG
aug 9. trinn-mars 10. trinn	Elevane blir kjent med ulike studieretninger og yrkesval gjennom faget UV	UV-lærarane
	Besøk frå eller dra på besøk til ulike vidaregåande skular	
	Infomøte med Stand vidaregåande	
	Individuelle møte med rådgjevar i førebuinga til søknad	
	Glidelåsen – eit samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen	
	Overgangsmøte med fylkeskommunen	

## **God skulestart**

**Skulestart skal vere eit positivt møte med skulen og gi alle elevane ei god oppleving. Det er viktig med ein godt planlagt start på skuleåret.**

Tiltak.

- Skulen startar året med ei samling på kunstgrasbanen for 2.-10. trinn. Alle skal få ei føeling av fellesskap og at dei er velkomne inn i fellesskapet. 1.trinn startar ute kl 09.30. Administrasjonen har ansvar for samlingane. Lærarar og pedagogiske medarbeidrarar står ute og helsar på elevane når dei kjem.
- Kvar morgen står læraren i døra og helsar/handhelsa på kvar einskilde elev med namn.
- Pultane må stå klare med namn, ev klassekart. Namn på knaggar og hyller.
- Elevane får timeplan/vekeplan.
- Samtale om sommaren og om gode minner frå førre skuleår og forventningar til det nye skuleåret.
- Presentera nye lærarar og pedagogiske medarbeidrarar.
- Klasserommet skal vera «rydda og pynta».
- Dei vaksne prøver å etablira ein ”mjuk start” på skuleåret der klassemiljøet er tema.
  - Turar; turløype, tur til ei av øyane, aktivitetstur i nærområdet, overnattingstur.
  - Leiker.
  - Elevsamtalar.
  - Informera om regler, rutinar og konsekvensar. Laga gode klassereglar
- Dei vaksne følgjer med ute. Alle vaksne er ute så mykje som mogleg dei første 14 dagane.
- Elevane stiller opp utanfor klasserommet.
- Læraren skal vera tidleg inne i klasserommet til kvar time (erobra klasserommet) og avslutta timane og dagen på ein tydeleg og roleg måte.
- Elevane reiser seg og helsar på tilsette som dei ikkje har hatt tidlegare den dagen.
- 1. trinn (og ev 2. trinn) får vere på Maxi åleine fram til haustferien
- Fadderordning for 1. trinn den første tida

## **Sikring av arenaer som skulegard, toalett, garderobar, SFO og skuleveg**

**På Finnøy skule er me opptekne av at alle skulen sine arenaer skal vere trygge**

Tiltak:

- Skulen sitt vaktsystem skal oppdaterast etter behov. Alle vaksne skal bry seg, uansett om dei har vaktoppgåver eller ikkje.
- Alle må vere tidleg ute til vakta si, og følgje ekstra med i overgang skule/uteområde
- Vaktane skal alltid bruka vest
- Vaktane skal sjekke toalett kvart friminutt, og dei toaletta som er inne.
- Rutinane ved avvikling av gymtimar er klare for alle.
  - Mobiltelefonar på skulen er generelt forbode og det blir strenge konsekvensar der ein oppdagar slike i gymgarderobar.
  - Elevane på barnetrinnet ventar på læraren på skulen før ein går samla til hallen. På ungdomstrinnet kan dei går til hallen og venta til læraren kjem før ein går til garderobane.
  - Læraren skal vera spesielt oppmerksam kring det utrygge ved å dusja/vera naken. Dei vaksne følgjer med og lytter. I særhøve kan ein ha tilgang til mann og kvinne som vaksen i garderobane.
- Sørgje for å velja båt- og bussvertar. Rådgjevar og elevrådet styrer dette.
- Følgje rutinar for møte mellom rådgjevar og bår- og bussvertar
- Sørgja for buss- og båtundersøking og følgje opp resultat
- Eventuell mobbing/trakasering på skuleveg må avklarast/avdekkast på elevsamttale/foreldresamtale.

## Prosedyre ved vaktordninga

**Alle elevar skal ha det trygt og godt i friminuttet. Dei skal kjenne at dei er ein del av fellesskapet, at dei har nokon å vere i lag med. Dei vaksne er aktive og inviterer til aktivitetar dersom ein treng det. Hos oss betyr det at me:**

- Er ein varm, aktiv og tydeleg vaksen.
- Brukar vest slik at me er synlege for elevane
- “Scanner” området me har ansvar for
- Aktiviserar elevar om dei treng det
- Hjelper elevar til å løyse konfliktar. Ofte kan dei ordne opp sjølv med litt rettleiing
- Har spesielt tilsyn med elevar som har ei uønska åtferd mot andre. Dette skal drøftast på laget minst to gonger i halvåret
- Skal møte på rett plass til rett tid.
- Informerer kontaktlærar om det har skjedd noko spesielt.
- Sørgjer for at alle elevane kjem seg inn. Dei som ikkje har undervisning har ansvar for dette.
- Har nulltoleranse i forhold til:
  - Elevar som slår/sparkar andre/kastar stein
  - Elevar som knuffer og som me veit utviklar knuffing til noko meir
  - Elevar som aktivt stengjer andre ute.
  - Nedlatande språkbruk og banning

## **Relasjonsbygging**

*“Det er betydningsfullt for barns trivsel at ansatte i barnehager, skoler og SFO vet hvordan man etablerer gode relasjoner til barn, og hvordan man jobber for å etablere gode og trygge jevnalderrelasjoner. Kjennetegnet på et trygt og godt miljø for barn og unge er først og fremst at personalet har evne til å skape gode relasjoner, og at barn blir bekreftet og forstått. Det er i hverdagen, i det daglige samspillet at personalet i barnehage, skole og SFO, kan bidra til å løfte fram barn, skape vennskap, legge til rette for fellesskap, være aksepterende og inkluderende, eller det motsatte – personalet kan gjennom sin væremåte bidra til at hverdagen blir utrygg gjennom stigmatisering, korrigering, likegyldighet eller utenforskning” (Lunde & Roland, 2021).*

### **Relasjonsbygging mellom tilsett -klasse/gruppe**

**Lærare og pedagogiske medarbeidrarar viser tydeleg leiing på ein slik måte at klassen/gruppa opplever dette som ein trygg stad å vera.**

Tiltak:

- Kontinuerleg og systematisk arbeid med klassemiljøet både i FOL timen og i arbeid med fag:
  - Arbeid med omgrep som vennskap, tryggleik, toleranse, å vera ærleg, open, høfleg, hjelksam, ansvarleg og å bry seg, gjennom LINK og andre relevante ressursar
  - Følgje årsplan for sosial kompetanse og setje opp mål på vekeplanen.
- Elevane skal bli kjent med skulereglane for stavangerskulen og konsekvensar.
- Bruke reguleringstrappa og konsekvenstrappa i arbeid med ølnska åtferd
- Utarbeide klasseregler i lag med elvane
- Den vaksne skal så langt det let seg gjera sjå/ha dialog med kvar elev kvar dag, slik at alle får ei kjensle av å bli sett.
- Den vaksne kan forsterka og fremja elevane sine positive sider og såleis byggja oppunder det å meistra.
- Den vaksne viser engasjement, positiv interesse og varme og prøver å vera ein god rollemodell.
- Elevane får eit reelt ansvar, ikkje berre plikter.
- Gjennom klasseråd kan ein skapa ein atmosfære der alle får kjensla av å bli høyrta.
- Skapa rom for ønska trivselstiltak.
- Ein legg opp til gode fellesopplevingar, og på tverss av trinna. Sjå eigen plan
- Tenkje på det fysiske arbeidsmiljøet, til dømes ved å gjera klasseromma trivelege. Her det viktig med god orden.
- Auka kompetansen i personalet i klasseleiing, men også når det gjeld tolking av det sosiale samspelet.
- Trygga vikarane ved å gi god informasjon om reglar, klassen og forventningar.
- Dei vaksne helsar på alle elevane ved skulestart.
- Dei vaksne kjem tidsnok til timen og vakta.

## **Relasjonsbygging mellom tilsett – elev.**

**Læraren og den pedagogiske medarbeidaren er ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til.**

Tiltak:

- Dei vaksne er opne for kontakt og lyttar til alle tilbakemeldingane frå elevane.
- Dei vaksne viser interesse for eleven, både i forhold til skullearbeid og interesser
- Alle vaksne legg vekt på å vera vennlege i omgang med vaksne og elevar, viser respekt for einannan.
- Dei vaksne viser tydeleg kor grensene går og reagerer ved brot på reglar.
- Me set av tid til personaldrøftingar når det gjeld haldningsskapande arbeid i forhold til trivsel, tryggleik og mobbing. Vi drøftar "menneskesyn" med omsyn til å bli mest mogleg samstemte i omgang med elevane våre.
- Me har faste elevsamtaalar minst to gonger for året, og temaet mobbing skal vera eit obligatorisk emne ved desse samtalane.
- Læraren er open for elevsamtaalar etter behov, ev spørja eleven om dei ynskjer ein samtale om dei ikkje ser ut til å trivast.
- Faste foreldresamtaalar minst to gonger for året, og temaet trivsel/mobbing skal vera med.
- På skulen har me ein god prosedyre for vakt i friminutta. Dei vaksne skal vera synlege ved bruk av vester. Lærarane blir orienterte på lagmøte, minst to gonger kvart halvår, om einskildevar ein må vera merksame på. Viktig at ein kjenner elevane ein har tilsyn med.

## **Relasjonsbygging mellom elev – elev.**

**Elevane i klassen/gruppa tek vare på einannan og er opptekne av at alle har det trygt.  
Elevane støttar kvarandre og viser empati. Få fram at vi alle er  
eineståande. Elevane får ansvar, får vera med å bestemma og høve til  
å samarbeida.**

Tiltak:

- Ein har ulike trivselstiltak i den enkelte gruppe/klasse. T.d.:
  - Hemmeleg ven
  - markering av fødselsdagar
  - Leiker
  - Markering av å nå eit mål
  - Song og drama
- Me brular LINK til livet eller andre relevante ressursar når me jobber med sosial kompetanse og følger årsplan for sosial kompetanse
- FOL-time på fredagane
- “God morgen, Finnøy!” kvar månad
- Elevane deltek i kasseråd, elevråd og andre diskusjonsfora
- Elevar er trivselsleiarar (TL) i friminutta
- Me har fadderordning for elevane
- Me har fellesaktivitetar, sjå eigen plan
- Me har eit læringssyn prega av å utvikle både fagleg og sosial kompetanse, der ein fremjer eleven sine positive sider
- Me bruker fysisk aktiv læring og leik gjennom skuledagen



## **Relasjonsbygging mellom tilsette - føresette**

**Relasjonen mellom personalet og den enskilde elev sine føresette er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje.**

**Skulen har eit ope og aktivt samarbeid med dei føresette som gruppe.**

Tiltak:


- Finnøy skule sine tilsette lytter til dei føresette og tek signaler på alvor
- Me prøver å svara på dei spørsmåla dei føresette måtte koma med.
- Me har god kommunikasjon med dei føresette gjennom Vigilo. Lærarane legg ut vekeplanar og informerer om reglar og aktivitetar
- Lærarane tek rask kontakt pr. telefon i særhøve
- Me har ein open og ståande invitasjon til å ta kontakt etter ynskje
- Me har halvårlege foreldremøte, der elevane sitt skolemiljø er eit av fleire tema.
- Lærarane informerer om kapittel 12 i opplæringslova, på foreldremøte
- Me har halvårlege utviklingssamtalar der eleven sitt skolemiljø er eit av fleire tema.
- Saman med dei føresette planlegg lærarane miljøtiltak for trinnet/skulen
- Me vel klassekontaktar.
- Rektor arrangerer kassekontaktmøte.
- Skulen har eit aktivt FAU og samarbeidsutval.
- Skulen gjennomfører brukarundersøking.
- Skulen har eige møte for føresette til elevar med dysleksi



## Rutinar knytt til delpliktene i § 12-4 i opplæringslova

Delpliktene	Kva	Ansvar
<b>Følgje med</b>	<p>Alle tilsette skal aktivt følgje med om elevane har det trygt og godt på skulen, både i timar, friminutt og på tur</p> <p>Alle tilsette skal følgje med og aktivt observere korleis elevane har det, både kvar for seg og dei imellom</p> <p>Alle tilsette skal vere særskilt merksame på sårbare elevar</p>	<b>Alle tilsette</b>
<b>Gripe inn</b>	<p>Alle tilsette har plikt til å gripe inn ved krenkingar</p> <p>Den tilsette har ikkje plikt til å utsetje seg sjølv for fare</p> <p>Tilsette kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at ein elev</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. krenkjer ein person fysisk eller psykisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare</li> <li>2. skadar eigedom</li> <li>3. viser ei åtferd som er sterkt fornedorande for eleven sjølv</li> <li>4. vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar</li> </ol>	<b>Alle tilsette</b>
	Handlingar som er allment akseptert i samhandling, som å lede ein elev ut av situasjonen, skal ikkje reknast som fysiske inngrep	<b>Alle tilsette</b>
<b>Varsle</b>	<p>Alle tilsette har plikt til å varsle rektor ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt</p> <p>Alle tilsette har plikt til å varsle rektor dersom ein elev blir krenka av vaksne</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar ved alvorlege situasjonar mellom elevar</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar dersom ein voksen krenkar ein elev</p>	<b>Alle tilsette</b>
<b>Undersøkje</b>	Ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal skulen undersøkje eleven sitt skolemiljø	<b>Tilsette og rektor</b>
	Skulen skal alltid undersøkje dersom føresette eller eleven sjølv melder i frå	<b>Tilsette og rektor</b>

	Undersøkingar kan vere observasjon, kartleggingar og samtalar	<b>Tilsette</b>
	Skulen skal alltid høre dei elevane som er involvert	<b>Tilsette</b>
<b>Tiltak</b>	Det skal settast inn tiltak som er eigna til å rette opp og sikre eleven eit trygt og godt skolemiljø	<b>Lærar og rektor</b>
	Det skal settast i verk tiltak både når eleven sjølv og/eller føresette melder i frå	<b>Lærar og rektor</b>
	Aktivitetsplanen skal vere skriftleg og gjort kjent for eleven og dei føresette	<b>Lærar og rektor</b>
	Eleven skal alltid bli høyrt i saka	<b>Lærar</b>
	Planen skal innehelda kven som skal gjennomføre tiltaka, kva tid og når tiltaka skal bli evaluert	<b>Lærar og rektor</b>



# Avdekking av mobbing eller anna krenkande åtferd

- Årlege undersøkingar

Når	Kva	Ansvar
september	Spekter - ein ikkje anonym mobbeundersøking	Leiinga og kontaktlærar
okt/nov	Elevundersøkinga	Leiinga og kontaktlærar
januar	Skulevegundersøking	Elevråd og kontaktlærar
okt/mars	Sosiogram	Kontaktlærar
Heile året	Innblikk etter behov	leiinga og kontaktlærar

- Kommunikasjon lærar - elev - føresette
  - Mobbing og anna krenkande åtferd skal takast opp i utviklingssamtale med elevar/foreldre/føresette.  
Dette skal stå som eit punkt på samtaleskjemaet.  
Ansvarleg: Kontaktlærar.
  - Mobbing og anna krenkande åtferd skal takast opp i faste elevsamtalar.  
Ansvarleg: Kontaktlærar.
  - Mobbing og anna krenkande åtferd er tema på klasseforeldremøte.  
Ein grundig gjennomgang i 1., 5. og 8. klasse.  
Ansvarleg: Kontaktlærar.
  - Plan for godt skolemiljø blir lagt ut på "Min skole".  
Ansvarleg: Rektor
  - Samtale med ein voksen etter behov, ved t.d. mistanke om at eleven ikkje har eit godt skolemiljø, ev eleven tek sjølv kontakt  
Ansvarleg: Alle tilsette
  - Samtale med miljørabbeidar, helsejukepleiar eller uteseksjonen ved behov
- Observasjon, krav om å følgje med etter opplæringslova §12-4
  - Miljørettleiar som har eit særskilt ansvar for å følgje med og observere skolemiljøet
- Mobbing og annakrenkande åtferd er tema i ressursteam kvart år

# Problemløysing av mobbesaker

Det kan vere fleire måtar å løyse mobbesaker på. I aktivitetsplanen skal det stå tiltak som er eigna. I fleire høve vil prosedyren, som blei utarbeidd i lag med Læringsmiljøsenteret i Zero-programmet i 2004, vera ein “oppskrift” som eignar seg godt.

## 1. Samtale med elev som er mobba

Kontaktlærar avtalar eit møte med mobbeoffer.

Læraren forklarar grunnen for samtalens, som er at eleven blir plaga. Ofte har eleven kome til læraren i førekant, og har hatt dialog med lærar eller andre vaksne

Det er viktig at offeret opplever å få støtte. Læraren seier klart i frå om at han/ho ikkje kan akseptera at mobbinga held fram, og at han/ho vil ta ansvar for å gjera alt for å få slutt på mobbinga, og at ho vil få beskjed om kva som skal skje. Det skal også skrivast aktivitetsplan. Sei også om at foreldra til offeret straks blir kontakta, dersom dei ikkje allereie er involvert.

Lytta til alt mobbeofferet vil fortelja om situasjonen sin, men utan å pressa.

Vis at du forstår og still oppklarande spørsmål. Avtal oppfølgingsmøte.

## 2. Samtale med plagar/plagarane

Kunnskap om saka er viktig før enn ein møter plagarane. Observer i skulegarden osb. før møtet. Det er avgjerande å møta plagarane til individuelle samtalar først. Dersom det er fleire plagarar, blir samtalane gjennomførde utan opphold, utan at dei får høve til å snakka med kvarandre før alle har snakka med læraren. Så følgjer og ein gruppesamtale med alle plagarane samla, utan opphold.

Innlei samtalen med å konstatera situasjonen. Lat eleven få vita at du kjenner til at ”Jens” blir mobba. Innlei t.d. slik:

” Eg vil snakka med deg om Jens, som blir plaga ein del. Eg veit at også du deltek i plaginga”.

PS! Ikke diskuter om dette stemmer eller ikkje. Du har berre slått fast eit faktum som dannar grunnlaget for samtalens. Gi plagaren høve til å uttala seg. Ikke spør kvifor han/ho mobbar. Legg opp til ein bestemt, men ikkje uvennleg tone. Du bør vera aksepterande i forhold til eleven utan å godta mobbinga. Då blir det ein god dialog.

Ofte vil plagaren prøva å gjera handlingane sine ”rettferdige”. Mange plagarar framhevar offeret si skuld og gjer offeret ansvarleg for mobbinga. Offeret sine handlingar blir ofte framstilt som provoserande, aggressive og våtelege. PS. Viktig at læraren ikkje blir freista til å gi plagaren rett i desse synspunkta, sjølv om han eventuelt veit at han har litt rett. (-det kan fort bli misbrukt seinare).

Ha ei nøytral haldning til kva plagaren seier om seg sjølv, offeret eller andre elevar. Dette skaper ”gunstig usikkerheit” om kva og kor mykje læraren eigentleg veit.

Gi plagaren høve til å koma med ei løysing. Sirkla det gjerne inn. Som t.d.: ”Eg veit at du er med på plaginga av Jens, og det kan eg ikkje akseptera. Men vi har jo snakka fornuftig mange gonger før. Du er ein grei kar, og eg trur du vil vera med på å gjera det betre for Jens”, ”Har du sett noko, til dømes nokon frå andre klassar som er plagsomme mot han?”, ”Kva vil du foreslå for å få slutt på plaginga?”

Ta tak i gode forslag og konkretiser. Målet er at eleven forpliktar seg til å slutta med plaginga,

og til å oppdre oppbyggjande når nokon plagar Jens.

Samtalens blir avslutta, og lærar går saman med plagaren til klassen. Neste plagar blir henta til tilsvarande samtale. Ein bør velja nøyde kven ein snakkar med først. Kanskje ein som ein

trur er samarbeidsvilli

3. Oppfølgingssamtalar med mobbeoffer. Stabil kontakt med mobbeofferet er viktig fordi eleven då opplever å få støtte frå ein vaksen.

I dei oppfølgjande samtalane bør ein prøva å kartleggja litt Finna ut angåande venner i skulemiljøet, namn på plagarane, namn på viktige statuspersonar i elevmiljøet og skildring av

mobbbesituasjonane. La offeret fortelja om si eiga åtferd kanskje mindre skremmande å fortelja om seg sjølv enn om plagarane. Ein får ofte då eit inntrykk av om offeret si åtferd og reaksjonar kan stimulera plagarane til å halda fram med mobbinga. Desse kan ein diskutera og gi offeret innsikt i, på ein slik måte at offeret ikkje får skulda for det som skjer. Lærar skal gi støtte.

Kontaktlærar vurderer kor mange møter det er behov for med mobbeofferet, før enn ein tek kontakt med plagarane. Foreldra til plagarane må koplast inn. Positiv tilbakemelding – støtta foreldra til plagarane. Denne opplysninga blir gitt positivt til offer. Kontakten med mobbeofferet held fram etter at plagarane er kopla inn i saka.

4. Oppfølgingssamtalar med plagar.

Når samtalen med den siste plagaren er slutt, blir dei andre plagarane henta tilbake til grupperommet.

Byrja samtalen med å referera kva som har kome fram i dei individuelle samtalane.

Konkluder med ein ”positiv semje” i gruppa, som innehar vilje til å gjera noko med situasjonen. Dersom til dømes ein av plagarane har vore negativ eller inneslutta i den individuelle samtalen, skal ikkje lærar pynta på denne samtalen. Sei til dømes: ”Du Arne verka usikker på korleis du kan støtta Jens”.

Den planlagde åtferdsendringa blir konkretisert slik at gruppa samla kan slutta seg til endringa. Truleg vil Arne bli trekt med.

Nå bør læraren sei at saka er tatt opp med mobbeofferet, og at offeret veit om denne samtalens no. Få fram at det er du, og ikkje mobbeofferet, som har tatt initiativet. Vidare skal ein sei at foreldra deira blir informert same dag, og ein kan oppfordra plagarane til sjølv å informera sine foreldre når dei kjem heim.

Gjenta hovudavtalen: Mobbinga tek slutt straks, og dei skal i staden støtta offeret. Lærar seier ifrå at han/ vil følgja nøye med, og at rektor vil bli orientert.

Nytta førespeiling mot slutten av samtalene, og få alle til å sei høgt at dei ikkje vil bli med på plaginga igjen. Då bind dei seg sosialt i forhold til dei andre i gruppa og til læraren. I tillegg er det gunstig å førespeila kva som kan skje når plagarane møter dei andre elevane i klassen. Desse vil temmeleg sikkert spørja om kva dei har snakka med læraren om. Læraren bør derfor spørja kvar einskild om kva dei har tenkt å svara. Læraren kan også vurdera å førespeila første treffpunkt med mobbeofferet. Kva har plagarane tenkt å sei? Læraren kan eventuelt gi dei eit forslag.

Avtal eit nytt møte der lærar skal bli informert om korleis det går. Det bør ikkje gå meir enn 2 – 4 dagar før lærar møter gruppa igjen.

Dersom plagarane held fram med plaginga, går ein tilbake til startpunktet.

5. Samtalar med foreldra til plagar.

Hovudregelen er at dei føresette til plagarane skal informerast same dag som samtalane med deira barn skjer. Eit foreldrepar om gongen.

Kontaktlærar ringjer heim og kallar inn til eit møte så tidleg som muleg. Spør om deira barn har informert dei. Informer kort om saka og samtalene med deira barn. Mobbeofferet sine foreldre skal vera informert om at namnet på deira barn kjem fram om dei aksepterer det. Ta godt imot foreldra. Orienter kortfatta og presist om samtalane med mobbeofferet, med foreldra til mobbeofferet og med plagarane, men også om resultatet av desse samtalane.

Få fram på ein nøktern måte at mobbing faktisk har skjedd. Her er det gunstig å sei at elevane gav løfte om straks å slutta med mobbinga, og at dei også skulle prøva å støtta mobbeofferet. Fortel korleis deira barn kjem til å bli følgt opp.

Gå direkte på samarbeidet vidare. Oppfordra foreldra om å snakka alvorleg med barna sine og om å følgja nøyne med vidare. Ein kan også drøfta tiltak for å inkludera mobbeofferet betre i klassen, betre klassemiljø osb. Føler foreldra dette vanskeleg, foreslå eit nytt møte der også rektor deltek. Ikkje diskuter om barnet deira har vore involvert i plaginga, men at den vidare situasjonen er den viktigaste.

Inkluder gjerne foreldra til mobbeofferet på slutten av møtet. Då bør ein vera sikker på at alle føresette kan handtera ein slik situasjon, og ein må førebu dei. I alle fall vil dei fleste foreldra til plagarane føla trøng for å koma i kontakt med foreldra til mobbeofferet.

PS! Viktig å få fram at desse foreldra treng støtte og ikkje skulding.

Generelt er det viktig å avtala kommunikasjonen vidare, og uansett fastsetja eit nytt møte om ei tid for å sikra ei god utvikling.

